

Gurustad – Skog (gnr. 176)

Gurustad: Opphavet til namnet er ei samansetting av kvinnenamnet Gudrun og rudstadr: Gudrunarudstaden. slik er namnet skrivi i eit Fåbergbrev frå 1440: Tore Brynjulfsson erkjenner der at han til bønehald for seg og kona si Ragndid har gjeve til Fagabergs kyrkje og prestar halvdelen av Gudrunarudzstaden med fiskeplassane der såleis som forfedrane har hatt dei mellom Bronlo og Tangarustad.

Ikkje minst det som her er fortalt om fiskeplassane som forfedrene har hatt og det gamle gardnamnet Tangarustad til gamal bosetting i denne grenda.

I lista over landskyld til Fåberg Prestebolig i 1577 er namnet vorte avstutta til Gurrustad, og det er der fortalt om garden at den ”Liger øde” og at ”presten haffuer en tredjepart som icke er satt for skyld”. – Trettitre år seinare var likevel garden kome i bruk att, men brukaren Knud Gurustad svara da skatt i gruppa med husmenn med ½ dalar. Etter atter ti år var Knud framleis brukar på Gurrusrad, som namnet da er skrivi, men garden hans vart da ført i gruppa for ”Ødegårde”.

I 1657 var det vorte ny brukar på garden, Svend Gurrestad, og det er vidare fortalt at buskapen hans da var 2 hopper, 16 naut, 16 sauer og 1 gris. Endeleg er det i odelsmanntalet frå same året også opplyst at Svend Gurrestad forutan å vera jordeigande bonde i sin eigen gard og åtte jordegods i Gaustum.

Åtte år seinare var Svend, som eigentleg heitte Svend Knutsen og truleg hadde arva Gurustad etter faren Knud, framleis brukar der. Ein merker seg elles at garden da var ført i gruppa ”Halfue Gaarde”, og at landskylda av garden var auka til 1 hud 3 skinn. Ein merker seg og at Svend hadde ein son som heitte Peder og da var 16 år gamal.

Etter atter 3 år kom den nye norske matrikkelen av 1668 med fleire opplysningar om gardane. – Om Gurustad er det der fortalt at enga, innmarka er god, og at det var skog nok både til gards nytte og dessutan ”Goed Tømmerschoug”. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 12 naut, og korntianda vart utreidd med 2 ½ td., som altså svara til ei årleg avling på 12 ½ td. Det er vidare fortalt at Gurustad hadde seterbol og sommararbeite åt krøtera på Nordseter, dessutan hadde garden alt da si eiga kvern. Brukar på Gurustad var også da Svend Knutsen, og landskylda var som før 1 hud 3 skinn eller 3 pund 8 merker smør, men eigarane i garden var da Fåberg prestebol for 9 skinn, Anders Hoff for 2 skinn, og brukaren Svend Knutsen åtte sjølv 4 skinn.

I 1674 var Svend Knutsen død og eldste sonen, Knut Svendsen, fekk da tinglyst kjøpebrev på garden Gurustad, som namnet da vart skrivi. Av dette kjøpebrevet går det fram at kjøparen Knut Svendsen hadde mange søsken. Det var brørne Peder, Elling og Ole og dessutan 5 søstre. Av desse var nr. 1 gift med Jon Pedersen på Fron, nr. 2 var gift med Torgeir Ersgard, nr. 3 med Nils Syverud, nr. 4 med Lars Nordhove, og nr. 5, Marte Svendsdr., var enda ugift.

Sju år seinare skjøta i 1681 Knut Svendsen Schoug, som han da er kalla, til Sigvard Gudrustad ”1 halv hud i hans påboende gård”, korleis nå det skal tolkast. – Etter atter atten år gav i 1699 Siver Olsen Schoug og son hans, Henning Siversen, obl. og pantebrev til ”Lauridz Ingebretsen Søre Hofven lydende på 157 rd”.

I all denne tid låg likevel som før dei 9 skinn jordegods i Gurustad framleis til Fåberg prestebol. Frå 1720 er såleis ein bygselseddel som tydeleg syner det, og som i utskrift har denne ordlyden: ”Gustum i Fåberg 10. septb. 1720. Proubsten hr. Johan Rosings bøksseddel til Henning Siverson på en av præstebolets jorder kaldet Gurustad, skyld 9 skind med bøkssel over 6 skind bundegods. Dat. 28. desb. 1719.”

Tre år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med fleire og nyare opplysningar. Om Gurustad i Fåberg er det der m.a. fortalt at garden ligg i sollia og er tungbrukt, men at jordarten der er ”temmelig god”. Vidare er det fortalt at garden ingen skog hadde, og at setra hadde berre måteleg hamn, men det var utslåttar til 2 lass høy, og høyavlinga utgjorde i alt kring 20 lass. Buskaper på garden var da 2 hestar, 16 naut og 20 sauer, og den årlege utsæden av korn var ca. 4 tdr. bygg og litt rug. Kverna var framleis i bruk, men berre til eiga nytte, og om fiskeriet i Laugen er det da fortalt at det var av liten eller ingen verdi. Elles er det opplyst at ”Gurustad eller Skoug” da var gjestgivargard, og at dei i den tid hadde husmann saman med grannegarden Skinstakrud.

Etter kvart kom gardnamnet Skog meir og meir i bruk i staden for Gurustad. I eit gavebrev av 1729 er namnet Schov vorte einerådande. Gavebrevet har elles i utskrift denne ordlyden:

”Schov. Gavebrev dat. 8. januar 1729 tgl. 16. juni s.å. Peder Nielsen efterlater alt han eier til Henning Schov mot å nyde ophold hos ham så lenge han lever, og etterpå skal også Henning Schov holde hans begravelse.”

I ein bygselseddel av 1749 frå sokneprest til Fåberg; Niels Stochflet, er derimot den gamle skrivemåten av gardnamnet, Gurrustad, framleis brukt. Bygselseddelen lyder elles i utskrift slik: ”Gurrustad. Bøksseddel dat. 6. desbr. 1749 tgl. 16. febr. 1750. Niels Stockflet herredsprøvt for Gulbrandssdalens provsti og sogneprest til Fåberg prestegjeld bøksser og fæster til Siver Henningsen og hans hustru Anne Christophersdr. gården Gurrustad i Fåberg prestegjeld og skyldende med bøkssel og herlighet til Fåberg prestebol 9 skind med bøkssel over andre 6 skind bondegods i bemeldte Gurrustad, mot at han i rette tid erlegger den av gården hidtil svarande rettighet til landdrotten, samt alle de kongl. skatter, og gir føderåd til sine foreldre Henning Siverson og hustru, som før har brukt gården, men nå har opladt den for sin søn.”

Av det søskenskjøtet som Siver Henningsen samtidig fekk tinglese, går det fram at han hadde 6 søstre, og at av desse var dei 4 gifte slik: 1. Gunhild født 1706, gift med Engebret Larsen Jonsonhaugen, 2. Sessel, f. 1714, g.m. Erik Smestad, 3. Inger f. 1718, g.m. Ole Olsen Bjerke, Skjellerud, 4. Marit, f. 1728, g.m. Christopher Boleng.

Om broren Siver Henningsen, f. 1708, som i 1750 tok over garden, er det elles å fortelja at han var gift med Anne Kristofersdr. Øvre Dal, og at dei fekk 4 born, men at 2 av sønene, Tore og Ole, døde i 1770-71, truleg i ein farang.

At det i denne tida måtte vera etter måten gode økonomiske kår på Skog, går fram av eit tinglese dokument som i avskrift er sålydande: ”Schoug. Fremfødselkontrakt dat. 14. april 1752 tgl. 19. juni s.å. Berte Henningsdr. Schoug av Fåberg skal nyde fremfødsel så lenge hun lever, og hvis han før henne skulle dø, da nyder hun årlig 4 tdr. byg og 1 mæle rug på låven, føde for 1 ko og 4 sauer, og 1 hest og tilsyn i alderdommen, og dette føderåd skal som prioritet hefte på hans eiendoms gård Ensbye. For dette får Siver Schoug den formue hun efterlater sig ved sin død.”

Året før hadde elles prost Stochflet gitt bygselseddel til Engebret Larsen og hustru Gunhild Henningsdr. på ”en til prestebolets gård Gurrustad tilliggende husmandsplads Øvre Jonshaugen, som inden gårdens enge har været ryddet.” Samtidig gav og prosten ein liknande bygselseddel til Kristen Larsen og hustru Guri Olsdr. på plassen ”Nedre Johnshaugen kaldet” mot husleie 1 ½ rd.

Ni år seinare var Fåbergpresten prost Niels Stochflet død, og enkefru Stochflet gav da bygselseddel til dragon Peder Pedersen, som da hadde gifta seg med enka Anne Kristofersdr. Schoug. Bygselen gjaldt framleis som før ”9 skind i Gurrustad med bygsel over 6 skind mere”. Den nye brukaren på Skog eller Gurrustad er elles oftest kalla Per Persen. Han var fra Øgarden i Vardal og var født i 1726. Han gifta seg, som før fortalt, med enka Anne Kristofersdr., og dei fekk to born i ekteskapet: Siver, født 1761, og Berte f. 1764.

Siver Pedersen f. 1761 gifta seg i 1787 med Anne Kristensdr. Sorgendal, og dei fekk 6 born, men berre 4 levde opp. Det var: 1. Anne, f. 1790, gift 1808 med Iver Hansen Urlien, Ensby, 2. Berte, f. 1792, g. 1819 m. Paul Hansen Brandstad, 3. Marte, f. 1794, g. 1822 m. enkemann Kristen Larsen Rusten, 4. Kristense f. 1800.

Siver Pedersen var såleis brukar på Gurustad under folketellinga i 1801, og det budde da 5 familiar på og/eller ved garden. Det var: 1. familie: 1. Siver Pedersen, husbonden, 40 år, 2. Anne Kristensdr., kona hans, 33 år, 3. Anne Siversdr., dotter deres, 8 år, 4. Berthe Siversdr., dotter deres, 8 år, 5. Marte Siversdr., 7 år, 6. Christence Siversdr., 1 år, 7. Jakob Mortensen, tenestgut, 13 år, 8. Sigrid Erlandsdr., tenestkvinne, 26 år, 8. Anne Henningsdr., tenestkvinne, 15 år. 2. familie: 1. Peder Pedersen, føderådsmann, 75 år, 2. Anne Kristofersdr., føderådskone, 80 år. 3. familie: 1. Nils Olsen, innerst utan jord, soldat, dagarbeidar, 30 år, 2. Lisbeth Pedersen, kona hans, 30 år, 3. Ole Nilsen, son deres, 6 år. 4. familie: 1. Henning Siversen, husmann med jord, 60 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 50 år, 3. Gunnhild Hansdr., innerst, hushjelp, ugift, 60 år. 5. familie: 1. Kristen Jacobsen, husmann med jord, 36 år, 2. Kjersti Kristensdr., kona hans, 40 år, 3. Jacob Kristensen, son deres, 9 år, 4. Arne Kristensen, 1 år, 5. Sigrid Kristensdr., dotter deres, 10 år.

Som førebuande arbeid for ein ny matrikkel kom i 1819 matr.framlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Om Skaug, som garden der er kalla, er det m.a. fortalt at buskapen på garden i den tid var 3 hestar, 14 storfe og 8 småfe, og at den årlege kornavlinga var kring 50 tdr. Det er elles opplyst at det da var 3 husmannsplassar til garden.

Fem år seinare kunne Siver Pedersen som husbonde på Gurustad ta i mot Kongl. skjøte på garden, og det var sikkert ein gledeleg dag han lenge hadde sett fram imot. For å skaffe seg pengar til å løyse inn garden, lånte han samtidig mot obl. til Oplysningsvesenets Fond 666 spd. 80 skl. Men Siver Pedersen var da ein mann på 65 år, og to år seinare selde han i 1827 Gurustad til Elias Olsen og Holm Larsen og fekk føderåd frå garden for seg og hustru Anne Kristensdr.

Elias Olsen Og Holm Larsen hadde Gurustad eller Skog saman i 9 år. men i 1836 selde Holm Larsen sin del av garden til Elias Olsen, men tok ved denne handelen unna plassen Jonsonhaugen, som han snart etter selde til Arne Olsen. Ved den nye matrikuleringa i 1838 vart skylda på løpenr. 139a Gurustad eller Skoug sett til 5 skylddalar 3 ort 11 skilling, og skylda på løpenr. 139b Jonsonhaugen vart 2 ort og 20 skilling. Elias Olsen hadde framleis

Gurustad eller Skoug, og Arne Olsen hadde Jonsonhaugen også i 1838.

Frå 1846-48 er to dokument om utskifting av Fåberg østre almenning, ei utskifting som det ikkje var så reint liten strid om, og som m.a. gjaldt retten til Gurustad. Den 6. desbr. 1847 var det og skifte av den felles seterskogen mellom Gurustad og Jonsonhaugen.

I ei mellomtid frå 1860 til 1883 var det Børre Dahl og senare enka etter han, enkefru Sigrid Dahl som hadde Gurustad ell. Skoug; men den 13. april 1883 gav enkefru Sigrid Dahl skjøte til Johannes Larsen Roverud på Gurustad ell. Skoug og Haaveødegården for kjøpesum tilsm. kr. 1300,-. I denne mellomtida var pl. Jonsonhauen og vorte seld, først til enka Tora Olsdr., deretter til sonen Jens Olsen og endeleg i 1886 til Rasmus Olsen Dølden.

I desse år var den store jordbrukstellinga 1865. Den var omfatta med stor interesse og vart ei ny, god kjelde til nøgnare kunnskap om gardane. Om Gurustad eller Skoug i Fåberg er det der fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden da utgjorde 212 mål, og av dette var 70 mål jord av 1. klasse. Ført på same måten for Jonsonhaugen var dei tilsvarande tal 37 mål og 8 mål. Dessutan var dei tilsvarande tal for Haaveødegården 37 mål og 10 mål.

Med jordbrukstellinga av 1865 som kjelde er vidare å fortelja at buskapen på sjølve garden Gurustad i den tid var 4 hestar, 15 storfe og 13 småfe, men dertil var det på husmannsplassane under garden tilsaman 6 storfe og 9 småfe, dessutan var det på Jonsonhaugen 3 kyr og 6 sauer. Ført på same måten var utsæden på sjølve garden Gurustad: 1 td. rug, 3 tdr. bygg, 5 tdr. blandkorn og ½ td. erter og dessutan 10 tdr. settepoteter, dertil var utsæden på plassane ½ td. bygg, 2 ½ td. blandkorn og 3 tdr. settepoteter.

Tjueeitt år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Gurustad, som garden er kalla også i matrikkelen av 1886, fekk da gardsnr. 176 med ei samla matr.skyld på 10,53 mark, og det var alt i 1886 2 bruksnr. under gardsnr. 176. Det var: Gr.nr. 176 Gurustad, br.nr. 1 Skog av skyld 9,42 mark, og med Johannes Larsen Roverud som eigar og brukar, og gr.nr. 176, bruksnr. 2 Jonsonhaugen av skyld 1,11 mark med Rasmus Olsen Dølden som eigar og brukar.

Etter den ajourførte matrikkel av 1904 var det enda berre 2 bruksnr. under gardsnr. 176, men br.nr. 2 Jonsonhaugen var da overtatt av Oluf Rasmussen. I 1907 var det skjedd dei skifte at Thea Jensdr. Skoug var gardbrukar på Skog, der Kristian Fr. Sveum framleis var husmann. Gamle Rasmus Dølden var da føderådsmann og budde på Jonsonhaugen. Erik I. Mæhlum var hotellvert og budde på Solheim, og M. Dagfinsen var målar og budde på Fredheim.

I 1917 kjøpte Bernt Skjeggstad gr.nr. 176, br.nr. 1 Skog, og Anton Jonassen kjøpte br.nr. 3 Sveum av skyld 0,30 mark. Same året kjøpte og kaptein B. Dahl br.nr. 4 Grøtåsen av skyld 0,01 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det 3 bruksnr. som hadde jordbruksareal av åker, hage, eng og kulturbeite på meir enn 10 mål. Det var: Gr.nr. 176, br.nr. 1 Skog med eit jordbruksareal på ca. 140 mål, br.nr. 2 Jonsonhaugen med eit jbr. areal på ca. 30 mål br.nr. 3 Sveum med eit jbr. areal på ca. 15 mål. Eigar og brukar i Sveum var også da Anton Jonassen, og eigar og brukar på Jonsonhaugen Oluf Jonsonhaugen. På gr.nr. 176, br.nr. 1 Skog hadde

Anton Huse i fleire år hatt garden, men han var da død, og garden var i 1939 i enkefru Aagot Huse sitt eige.

Etter opplysningar frå 1952 var det i den tid fru Marit Ahlsen – dotter av Anton Huse og hustru Aagot f. Christiansen – som eide garden Skog eller Gurustad. Det produktive skogbruksareal på garden var da oppgitt til ca. 1300 mål.